


>>> gravaren frå 1980 syklar i 2020 <<<



RYGG / DIAGNOSE

Etter ryggsmell i militære 1964 sendte militærlegen meg til Lillehammer sykehus: Nederst i ryggen har vi virvelene L1 - L5, eg har medført ein overgangsvirvel L6, den er fast på den eine sida ... løs, bred og tverrtagget på den andre. Legen antydet at eg ville få ryggproblemer, snakka om mogleg operasjon. Det har aldri vore aktuelt. Har hatt store problemer periodevis, men ikkje permanent. Siste gong var i 2008, da fastlegen sendte meg til Kysthospitalet i Stavern med det han kalla ein «degenerativ rygg». Undersøkande lege slo fast at ryggen min var var «skjeiv». Det same sa dei når eg år seinare bestilte innleggssålar. Eg går heller knotete, men syklar bra.

Ryggen min er nok «brukt opp» ...

Då vi skulle sette opp hytta i Vestfold kravde snikkaren 18 faste punkt til fjell.

Ingen melde seg frivillig så eg tok fatt. Det vart 10 dagar i eit fjelltelt under tunreet med graving og støyping når eg ikkje sov. Eg nyttet ei «sukkerklype» (dobbeltspade). Ei uforgløymeleg tid! Vestfold-tida endte elles i total kollaps.

No er eg syklist i Eid, eg har sykla mykje. Som 14-åring sykla eg på guttesykkel utan gir frå Oslo til Strømstad i Sverige og attende, hadde slikt å gjere. No i Eid er eg avansert. Med tre gir. Eg nyttar gjerne dei to første, men 3.giret eignar seg berre i medvind. Det finst ikkje i Eid for tida. Situasjonen no er slik at Helsenoreg har utsett all planlagt behandling av deg. Nærkontakt er forbudt og dei har lukka døra. Barnebarnet i armkroken eller på fanget er forbudt. Men eg har lov til å sykle, det er poenget. Sykling gir kontroll. Eg er min eigen sjef. Eg kan sneie fordi folk, og tenkje at no kunne eg vert smitta, men vart det ikkje. I tillegg får mitt lekam litt rørsler det har godt av.

Eg kjem ikkje langt, men det har eg heller inga planer om.

Eg følgjer med på utviklinga av ulike prosjekter i distriktet. Ikkje mange plankar vert stifta fast uten at eg har sjekka jobben. Og måseungane veks seg no til. Eg veit kor dei er, og dei krangler med skjæreungane. Vi ser til alle som hører til her i Eid, at alle har det slik dei skal, ikkje minst i coronatider. Det er nok av andre her i verda som brautar seg fram med skråsikker arroganse.

Dagens tur på velosiped vart verdig avslutta av ein eldre herre med proffkontrakt gått ut på dato. Det var på plassen der årets festival ikkje vart.

Eg helsa **Sørgande mor** på sokkel.
Eg såg ho hadde ei lita tåre i augekroken.

